

Bebuarar i Sameiget Frekhaug Senter
Havnevegen 3
5918 Frekhaug

Byggmester Knut Henanger
Orrhøyflaten 3
5918 Frekhaug

Frekhaug, 12.04.15

**Arbeid Gnr 24, bnr 24 snr. 1 i Meland - Bruksendring av butikklokale
frå blomsterbutikk til solstudio.**

Underteikna representerer eigarane av seksjoner i ovennevnte eigedom, seksjon nr 7, 8, 9, 11, 12, 14 og 16.

Seksjonseigarane har fått tilsendt nye nabovarsel av 19.03.2015. Vi kan ikkje sjå at desse samsvarer med dokumentasjonen som er sendt til kommunen. Vi har heller ikkje motteke seksjonsbegjæring som syner lokalisering av seksjonsnummeret i bygningen. I grunnboka står eigar av snr 1 oppført med Frekhaug Butikksenter AS. Eigarbrøken er 1100/3060. Dette samsvarer ikkje med opplysningane om storleiken av lokala som er sendt til kommunen.

Vi vil kreve at dagens brannforskrifter blir ivareteke, at lokalet blir ei eiga branncelle. Krav til universell utforming, TEK 10.

Kopi av brevet går til Meland kommune i det det blir lagt til grunn at frist for merknader blir utsett 14 dager etter at nabovarslet er motteke.

Med helsing
Bebuarar i Sameiget Frekhaug Senter



Alf-Helge Moldekleiv

Vedlegg: Nabovarsel

Kopi: Meland kommune v/Bjarte Buanes, Postboks 79, 5918 Frekhaug.